

EVAKUERINGSINSTRUKS

for Nysæter kyrkje

Omfang og føremål

Denne instruksjonen gjeld generelt for alle som oppheld seg i kyrkja, og særskilt for kyrkjeleg tilsette og frivillige som har bestemte oppgåver ved evakuering. Det heng teikning i vestibylen og ved brannsentralen ved kjøkkeninngongen med merking av kvar brannsløkkje-apparata befinn seg.

Føremålet med instruksjonen er å sikra at alle, dersom brann eller annan kritisk situasjon oppstår, kjem seg ut til trygg tilvist stad.

Framgongsmåte

1. Om du oppdagar brann må du snarast varsle til prest/liturg/den som står for arrangementet. Klarar ein å sløkkje små tilløp før alarmeren går, treng ein ikkje evakuere kyrkja.
2. Prest/liturg informerer om å gå roleg ut, og å møte på parkeringsplassen. Ringer deretter brannvesenet, og sjekkar brannsentralen kvar brannen er.
3. **Evakuering av kyrkjerommet og kjellar:**
 - A. Klokkar har ansvar for evakuering gjennom kontoravdeling/kjøkkenutgong.
 - B. Organist har ansvar for evakuering gjennom sideutgongen ved orgelet.
 - C. Kyrkjetenaren har ansvar for evakuering ut hovudutgongen. Kyrkjetenar sjekkar i kjellaren/gir beskjed til dei som evt er der. Alarmeren går og i kjellaren.
 - D. Kyrkjevertar eller andre som gjer teneste under arrangement i kyrkja har ansvar for kyrkjelydssalen, og hjelper til der ein ser det er behov.
 - E. Kjellar: Evakuering gjennom korridoren/utgongen mot parkeringsplassen. Alternativt evakuering via teknisk rom, ut frå det som er raskaste røymingsveg i den aktuelle situasjonen.
4. Gå til parkeringsplassen ved kyrkja straks du er komen ut av kyrkja. Gje opplysningar om eventuelle sakna personar.
5. Prest/liturg går ut sist og sjekkar at det ikkje er fleire igjen i kyrkja.
6. Oppløysing på staden skjer kun etter ordre frå prest/liturg/den som står for arrangementet /brannvesenet.

Det er tre brannsløkkje-apparat i kyrkja. Det er to branntepper i kyrkja; eitt ved miksebordet og eitt på kjøkkenet. To brannslangar i hovudetasjen; ein ved kjøkkenet og ein i vestibylen. Det er to brannslangar i kjellaren; ein i gongen og ein i barnehagen. Det heng brannteikning over barnehagen på kyrkjetenarkontoret.

Særskilte tilhøve

Når det er over 300 personar i kyrkja, ved bruk av levande lys, ved bruk av tilleggsstolar og anna utstyr som kan avgrensa røymingsvegar gjeld instruksjonen "Særskilte tilhøve i kyrkja".